

Referat frå soknerådsmøte for Ålvik

Stad: Sakristiet Ålvik kyrkje

Dato: onsdag 10.06.2026

Kl: 17:30 – 19:00

Desse møtte: Ida, Karianne, Gudveig, Arvid, Helge og Norunn

Saksliste

22/26 Godkjenning av innkalling og referat

- *Ingen kommentarar.*

23/26 Info frå fellesrådsmøte

- *Økonomien i fellesrådet er i balanse, men framleis knapp.*
- *Klokkarstillinga i Ålvik vert avslutta 1. juli. Linde har sagt opp grunna utanlandsopphald og avgangen blir soleis naturleg. Grunnen til at stillinga går inn er den framleis stramme økonomien. Soknerådet ynskjer å utfordre frivillige til å vere klokkarar i kyrkja frå hasuten av. Borghild Lygre var eit forslag. Ida er også villig. Kan konfirmantar bidra? Norunn tek tak i dette og byrjar med å leggje ut førespurnad på facebook; Aktuelt i Ålvik.*
- *Det kjem til å bli søkt til biskopen om å henge opp kyrkjeskip i mistgangen i Øystese kyrkje. Skipet er ei gåve frå ein i kyrkjelyden.*

24/26 Evaluering av arrangementer og gudstjenester.

- *1. mai, 3. mai med konfirmasjon er dei siste to gudstenestene. Dei samla 42 og 120 stk. Det har også vore 2 store gravferder i mai og både Krølletreff og Minikyrkje som samla om lag 15 stk begge gongane. Det skjer ting jamt og trutt.*

25/26 Llanlegging av friluftsgudstjenste den 14. juni.

- *Me er på Storhaug uansett ver! Karianne og Gudveig hjelper til! Me lagar kaffii kyrkja og brukar stolane som fins på Storhaug. Lise Dahle låner oss nøkkel. Sevi og Norunn stiller, samt to jenter frå Øystese barnekor som vil synge for oss!!. Helge tar kontakt med Svanhild og hentar ho. Aud står som kontakt for kyrkjeskys.*

26/26 Fredskonsert/ salmeslag i høve Ålvikrock?

- *Me ynskjer å skipe til ein Dagen-derpå-konsert i kyrkja på søndag 13. september kl 15.00. Marie Skeie er utfordra til å ha foredrag om det humanitære prosjektet*

ho har deltatt på i Gaza. Sevinj utfordrar Kor i alle dagar og orgelelevane til å delta. Norunn avklarar med Ålvik Rock!

27/26 Gudstenesteliste for neste halvår m/ fordeling av offerformål, kyrkjekaffi osv.

- *Søn. 23. august kl. 11.00. Kyrkjelydsarbeidet*
- *Søn. 6. sept, kl. 11.00: Konf. Presentasjon, bøker til 4 og 6 åringane. KRIK!*
- *Søn. 27. sept. Kl. 11.00. Øystese barnekor er spurd. Gudst. Med info om nytt prosjekt på Madagaskar. Misjonsprosjektet Madagaskar/ NMS.*
- *Søn. 1.11 kl 17.00. Minnegudsteneste. Kirkens SOS*
- *Søn. 29. 11 kl 17. Lysmesse med konf. Kyrkjelydsarbeidet.*
- *Tors. 24. 12 kl 1400 Julaftansgudsteneste. Kirkens nødhjelp.*
-

28/26 Nytt misjonsprosjekt. Informasjon og oppheng av bilete.

- *Madagaskar; blant anna skal me samle inn pengar til opprusting av eit senter som skal ta imot rusavhengige ungdommar i Mangarano. Me informerer på gudstenesta 27. september.*

29/26 Eventuelt

- *Ida informerte om saker som vil bli tatt opp på soknerådsleiar møte: Konfirmantkapper. Ålvik sokneråd er positive. Å vere like framfor Gud, at kappar viser tilbake til dåpen og ikkje minst det økonomiske perspektivet (bunadspresset) er argument for å gjeninnføre kapper. Vetle er i gang med heilskapleg plan for kyrkja i Kvam. Soknerådet vil bli involvert etterkvart. Soknesamanslåing vil også bli tatt opp, men truleg ikkje gjort noo med i fyrste omgang då tid er for knapp.*
- *Arvid informerte om Huset: Nye takrenner er i emning. Arvid har dialog med Olav- kyrkjevevja. Ein håpar å få på plass nye renner innan hausten. Vidauga treng ny skitt og lakk, men det skjer i neste omgang. Arvid er på saken!!*
- *FORSLAG TIL MØTEDATOAR:*
 - 1. sept. 20. okt. og 24. nov. kl 1730- 1900*

Ref: Norunn